

Tysnes kommune
Rådhuset
5685 Uggdal

Att. Hildur Heie

Dykkar ref:
17/234-2

Vår ref:
2008/917 - 10942/2017

Sakshandamar:
Anne Hilde Bjøntegård tlf 52732035

Dato:
23.03.2017

Vedrørende avtale for pasienttransport med drosje i Tysnes kommune

Viser til brev frå kommunen dagsett 21.03.17 om pasienttransport for innbyggjarane i Tysnes. De viser der til skriv frå føretaket om at det frå 1. mars ikkje er avtale med transportør, og at pasientar som reiser med rekvisisjon må leggje ut for drosjeturen og krevje refusjon i etterkant. Vi opplyser òg i dette brevet om at turar ut av kommunen kan leggjast til rette med transportørar vi har avtale med via køyrekontoret. Det er sjølvstarkt sterkt beklageleg om pasientar har avlyst timar av økonomiske årsaker.

Føretaket ønskjer avtale med drosjenæringa i alle kommunar. Det har vore dialog med transportør i Tysnes dei siste vekene, og vi voner å inngå avtale med oppstart så raskt som mogeleg.

Føretaket gjennomførte anbodskonkurranse for ikkje akutt pasienttransport i desember 2016. Konkurransen vart gjennomført i tråd med forskrift om offentlege anskaffingar. Prisskjema var basert på forskrift om makspris for drosjebilkøyning. Det var dialogmøter med mogeleg tilbydarar om vilkår og prisskjema i forkant av konkurransen, begge dokumenta vart justert etter innspel. Det var lagt ut anbod for alle dei 19 kommunane i opptaksområdet. Det kom inn tilbod i tråd med kravspesifikasjon og prisskjema i dei fleste kommunane. Der det ikkje kom tilbod eller var feil i tilbod har vi informert om situasjonen og gjort greie for kompenserande tiltak. Det har det vore dialog med tilbydarar i ettertid, med mål om å få til avtale. Vi har no inngått avtale for 17 kommunar, og voner å ha dei to siste kommunane på plass innan kort tid. Vi meiner vårt tilbod for pasientreiseområdet er i tråd med lov og forskrift.

Vennleg helsing
Klinikk for medisinsk service og beredskap


Anne Hilde Bjøntegård
Klinikkdirektør

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland